



REFERAT FRA ÅRSMØTET

1994

Årsmøtet for 1994 vart halde i Osterøy Stadionbygg, torsdag 8.12 kl.19.00.

Frammøte: 16 medlemmer

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Sak 2: Val av ordstyrar

Svein Lohne fekk i oppgåve å vera ordstyrar.

Sak 3: Årsmelding

Underteikna las gjennom årsmeldinga for laget og refererte kort gruppene sine eigne årsmeldingar. Årsmeldinga vart godkjend.

Sak 4: Rekneskap

Leiari las gjennom revisormeldinga. Kasseraren gjekk så gjennom laget sin rekneskap og balanse. Rekneskapan vart godkjend slik han låg føre.

Sak 5: Innkomne saker

* ENDRING AV LAGSLOVA

Det vart gjort visse små endringar frå sjølve utkastet:

Ny paragraf 5 MEDLEMSPENGAR

Medlemmer under 17 år betalar lågare medlemspengar stod det. Dette vart forandra til: Medlemmer betalar lågare medlemspengar fram til det året dei fyller 18.

Ny paragraf 9 ÅRSMØTET

Fullstendig sakliste med årsmelding og rekneskap skal vera tilgjengeleg for medlemene seinast i veke før årsmøtet.

Ny paragraf 13 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Her står det blant anna at ekstraordinært årsmøte kan haldast viss minst ein tredjedel av medlemene krev det. Dette vart forandra tilviss minst ein tredjedel av dei stemmeføre medlemene krev det.



Ny paragraf 14 STYRET

Det vart her vedteke å stryka ut det punktet som går på at ein av leiar sine plikter er å representera laget i kontaktutvalet. Dette vart gjort på grunn av at desse representantane alltid skal veljast.

Ny paragraf 15 GRUPPER

Det vart her bestemt at gruppebudsjetta skal vera sendt lagsstyret ved kasserar seinast 14 dagar for årsmøtet i laget.

Etter å ha gjort dei endringane som er nemnt over, vart den nye lagslova samrøystes vedteken.

* SPONSORAVTALEN MED SPAREBANKEN VEST

Laget har ikkje fått noko ny avtale med hovudsponsor før årsmøtet.

Årsmøtet gav styret fullmakt til å forhandla fram ein sponsoravtale med Sparebanken Vest for 1995.

Sak 6: Medlemspengar 1995

Det vart bestemt at medlemspengane for komande år skal vera av same storleik som i 1994. Det vil seia at ein betalar 50 kr. fram til det året ein fyller 18 år og 150 kr. etter det.

Sak 7: Budsjett

Budsjettet vart gjennomgått av kasserar og vedteke.

Sak 8: Nedlegging av orienteringsgruppa

Styret si innstilling om å leggja ned orienteringsgruppa vart vedteke av årsmøtet.



OSTERØY IDROTTSKLAG

SKIPA 1918

Sak 9: Val

Desse vart vald i styre og nemnder for 1995.

Leiar	: Svein Lohne	5250 Lonevåg	1 år
Nestleiar	: Kåre Nyheim	5250 Lonevåg	1 år
Styremedlem	: Ann Kristin Borge	5248 Haus	2 år
Skrivar	: Henning Kollvangsnes	5250 Lonevåg	1 år
Kasserar	: Øystein Fossdal	5250 Lonevåg	2 år
1.varamedl.	: Britt Tufta	5240 Valestrandsf.	1 år
2.varamedl.	: Evy Hagenes	5240 Valestrandsf.	1 år
3.varamedl.	: Monica Eikeland	5095 Ulset	1 år

1. varamedlem møter fast i styret.

VALD FRA GRUPPENE (1995)

<u>Gruppe</u>	<u>Leiar</u>	<u>Kasserar</u>	<u>Skrivar</u>
Fotball:	Tore Langeland	Reidun Solberg	Kåre Nyheim
Friidrett:	Inge Johs.Reigstad	Alexander Ferreira	Magne Vikne
Ski:	Magnus Mjelde	Anders Trefall	Rune Vassdal
Turn:	Monica R.Solberg	Målfrid V.Lone	Lene Kollvangsnes
Volleyball:	Ann Kristin Borge	Monica Eikeland	Ragnhild Tufta
Trial:	Baste Revheim	Tore Kvalvik	Espen Christoffersen
Valestr.gr:	Vidar Simmenes	Berta Seime	Kari Stamnes

Revisorar:

Norodd Helle
Arvid Løtveit (vara)

Monrad Myking
Sigrid Mjelde (vara)

Valnemnda:

Målfrid V.Lone (*) Grethe Lone Kjetil Loftås

* har ansvaret for å kalla inn valnemnda

Arsmøtet gav styret fullmakt til å velja representantar til idrettsrådet.

Utdeling av heidersteikn

Følgjande fekk heidersteikn i bronse:

- Monica Eikeland
- Merethe Antun
- Arne Mjelde
- ~~Arne~~ Atle Mjelde
- Bjarte Lone

Magnus Mjelde delte ut teiknet til Monica og Merethe. Styret kallar inn dei tre andre for utdeling i samband med styremøte.

Matøkt

Fotballgruppa med Tore Langeland og Kåre Nyheim serverte oss nydeleg mat.

Valestrand 23.12.94
Sigrun Reigstad

skrivar